



Skisse av den flotte klatreparken som skal monterast neste veke.

Neste veke skal klatreparken som er ein del av GULL AV GRUS-prosjektet monterast. Då kjem ein montør frå leverandøren. Som vi har skrivne tidlegare [HER](#), treng han hjelp av dugnadsfolk. Det har vore god respons frå hjelpande hender, men det trengs framleis meir dugnadsmannskap, særleg på ettermiddag og kveldstid,

Steinar Haugland som er med i arbeidsgruppa som har ansvar for klatreparken, fortel at responsen har vore svært god av folk som kan hjelpa til med montering på dagtid. Derfor er det særleg frå kl.15-16 og utover mot kl.19 til 20 det er behov for folk.

- Om det er nokon som ikkje når å koma før kl.17, er også det god hjelp, seier Steinar Haugland og fortel at montøren kjem til å arbeida mandag, tirsdag, onsdag, fredag og kanskje laurdag, men ikkje torsdag. Det er ikkje tunge løft. Det tar Brødrene Musland sine maskinar seg av.

Steinar bed alle som kan hjelpa til med dette flotte prosjektet, om å ta kontakt med han på mobil 410 42 659. Sidan han kjem til å vera i eit område utan mobildekning eit par dagar i helga, er det best at dei som kan bidra på dugnaden, seier frå om dette på SMS. Då vil han lesa meldingane når han får dekning og ringa tilbake når han kjem heim. Han er i alle fall heime att søndag kveld.

Då er det berre å håpa at mange ønskjer å bidra slik at monteringa av den flotte klatreparken, med utfordringar til ei brei aldersgruppe, går greitt unna.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Illustrasjonsfoto frå leverandøren.